



Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Under føresetnad av at det vert semje om sal av Bømlo vidaregåande skule til Bømlo kommune, vert utbygginga på Rubbestadneset prioritert fram i tid. Arbeidet med planlegging tek til hausten 2014. Målet er at ein ny skule skal stå klar hausten 2018.
2. Investeringsplanen for 2014-2017 vert styrkt for å få rom for utbygginga på Rubbestadneset. Førebelse tal syner at det er trong for om lag 220 mill. kr til utbetring og nybygg på Rubbestadneset. Ved sal av Bømlo vidaregåande skule kjem salssummen til frådrag i investeringskostnaden.